

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 15.11.2017
SAKSHANDSAMAR: Kristin Osland Lexow
SAKA GJELD: **Felles risikostyringsmål for 2018**

ARKIVSAK: 2017/1078
STYRESAK: 125/17

STYREMØTE: 14.12. 2017

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret sluttar seg til dei fire felles styringsmåla med delmål for risikostyring i Helse Vest for 2018.
2. Styret sluttar seg til risikostyringsmål til Sjukehusapoteka Vest HF om å gjere ei risikovurdering knytt til at medisinaler ikkje går tom for nødvendige medisinar. Styret ber Sjukehusapoteka Vest HF om å definere aktuelle delmål.

Oppsummering

Styresaka foreslår å vidareføre dei same fire felles styringsmåla med delmål for sjukehusføretaka for 2017 også i 2018.

Styringsmåla er definerte med utgangspunkt i mellom anna Program for pasienttryggleik i Helse Vest, krav i føretaksprotokoll og oppdragsdokument 2015-2017, med tilleggskrav om mellom anna krav til reduserte ventetider for behandling og diagnostikk. I tillegg har ein sett på styresak 107/15 om variasjon i ventetider og fristbrot, og lagt til grunn styret i Helse Vest sitt ønske om eit HMS-mål knytt til tryggleik for tilsette (protokoll frå styremøte 4. februar 2015, sak 009/15), styresak om HMS-arbeid og den vedtekne HMS-strategien for føretaksgruppa i Helse Vest (sak 105/15). Dette styringsmålet er felles for alle sjukehusføretaka, Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest IKT AS.

Styret i Helse Vest ønskjer at Sjukehusapoteka Vest HF skal gjere ei risikovurdering knytt til at medisinlager ikkje går tom for nødvendige medisinar (sak 106/17).

Fakta

I sak 033/12 vedtok styret i Helse Vest å endre retningslinjene for risikostyring i Helse Vest. For å sikre betre lokalt eigarskap, og ei betre inkludering i den einsskilte verksemda si mål- og resultatstyring, blei det frå 2012 lagt opp til at helseføretaka sjølv vel ut kva styringsmål dei ønskjer å følgje opp med risikostyring gjennom året.

Ved behandling av risikovurderinga i revisjonsutvalet hausten 2012, blei det bedt om å gå tilbake til å ha nokre felles styringsmål som skulle vere gjenstand for risikostyring gjennom året, i tillegg til dei styringsmåla helseføretaka sjølv vel. Det blei lagt til grunn at felles styringsmål bør hentast frå hovudsatsingsområda i styringsdokumenta. Styret slutta seg til denne vurderinga jf. protokoll frå styremøte 5. desember 2012, sak 125/12B.

Helseføretaka skal årleg gjennomføre risikovurdering av minimum fire overordna styringsmål som skal følgjast særskild opp gjennom året. Helse Vest RHF vil definere minimum to av desse måla, som skal vere felles for sjukehusføretaka i regionen. Føretaka må sjølv definere minst to eigne verksemdspesifikke styringsmål, jf. dei reviderte retningslinjene for risikostyring i Helse Vest (styresak 134/13 B). Helseføretaka skal rapportere på risiko til sine styre tertialvis, og ved årsslutt skal dei gjere greie for arbeidet med risikostyring gjennom året i årleg melding til Helse Vest RHF.

Administrerende direktør i Helse Vest foreslår følgjande risikostyringsmål med delmål for føretaksgruppa for 2018:

Felles risikostyringsmål for 2018		
Styringsmål	Delmål	
1	Talet på skadar som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest er halvert innan 2018.	1. Program for pasienttryggleik i Helse Vest 2013-2018 er godt forankra i leiargrupper og kjend i resten av organisasjonen.
		2. Tiltak i programmet er implementert lokalt i helseføretaka så snart dei blir overleverte frå prosjekt til linje.
2	Ventetider for diagnostikk og behandling i Helse Vest er redusert i 2018 (samanlikna med 2017). Ventetider for diagnostikk og behandling i Helse Vest innan somatikk er redusert til 50 dagar innan fire år (2021).	1. Faglege retningslinjer og standardiserte pasientforløp er implementert (ref. m.a. pakkeforløp kreft).
		2. Arbeid om variasjon i mellom anna ventetid og kvalitet, der målet er å lære av dei einingane som gjer det best i landet, er starta opp.
		3. Tiltak i programmet «Alle møter» er implementert, inkludert god planlegging og utnytting av operasjonsstovene.
3	HMS er ein sjølvsgatt del av arbeidsdagen. (Dette styringsmålet gjeld også Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest IKT AS)	1. HMS-strategi for føretaksgruppa Helse Vest er forankra og kjend for alle leiarar og medarbeidarar, og tiltak for å førebygge vald og truslar mot tilsette er sett i verk.
		2. Det er lagt til rette for og utvikla ein god meldekultur der meldesystem for tilsetteskadar og uønskte hendingar, vald og truslar mot tilsette er kjent for alle leiarar og medarbeidarar.
		3. Talet på tilsetteskadar er redusert.
4	Det er høgare vekst i kvart einskild føretak innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn innan somatikk.	1. Det er høgare kostnadsvekst innan psykisk helsevern og rus enn innan somatikk.
		2. Det er høgare vekst i årsverk innan psykisk helsevern og rus enn innan somatikk.
		3. Det er kortare ventetider innan psykisk helsevern og rus enn innan somatikk.
		4. Det er høgare vekst i aktivitet (polikliniske konsultasjonar) innan psykisk helsevern og rus enn innan somatikk.

Til Sjukehusapoteka Vest HF	
Styringsmål	Delmål
Legemiddellager skal ikkje gå tom for nødvendige medisinar	(Sjukehusapoteka Vest HF definerer sjølv aktuelle delmål)

Kommentarar

Styringsmål 1 er ei vidareføring frå 2016/2017 då dette er ei langsiktig strategi som framleis har høg prioritet.

Styringsmål 2 er basert på krav og føringar gitt gjennom oppdragsdokument, og ei vidareføring frå 2017.

Styringsmål 3 er ei vidareføring frå 2017, definert med basis i styret i Helse Vest sitt ønskje om eit felles mål knytt til tryggleik for tilsette (protokoll frå styremøte 4. februar 2015, sak 009/15). Styringsmålet og delmåla baserer seg vidare på styresak om HMS-arbeid og den vedtekne HMS-strategien for føretaksgruppa i Helse Vest (styresak 105/15), der det mellom anna står at «der medarbeidarane har eit godt og trygt arbeidsmiljø, er dei godt rusta til å gi pasientane trygge og sikre helsetenester av høg kvalitet». Ved styrebehandling av felles risikostyringsmål for 2017 (sak 132/16), peika styret på at dette risikostyringsmålet også skal gjelde for Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest IKT AS.

Styringsmål 4 tek utgangspunkt i at målet om «den gylne regel» framleis ikkje er innfridd, verken på føretaksnivå eller samla sett i regionen. Kravet frå departementet er retta mot det regionale nivået. Dette målet blir difor følgt opp vidare i 2018, der rusbehandling og psykisk helsevern kvar for seg skal ha ein årleg vekst som er høgare enn vanleg sjukehusbehandling knytt til ventetid, aktivitet, årsverk og kostnad. For å sikre at dette no blir gjennomført, foreslår administrerande direktør at kravet blir lagt ned på kvart einskild helseføretak.

I styremøte den 10. november 2017, ved behandling av sak om overordna risikovurdering i Helse Vest per 2. tertial 2017 (sak 106/17), blei det vedteke at Sjukehusapoteka Vest HF skal gjere ei risikovurdering knytt til at medisinlager ikkje går tom for nødvendige medisinar.

Utover risikostyringsmål 3 blir det ikkje peikt ut felles styringsmål for Helse Vest IKT AS og Sjukehusapoteka Vest HF.

Helse Vest føreset at helseføretaka legg retningslinjer for risikostyring til grunn for arbeidet med den årlege risikostyringa, og at risikoreduserande tiltak blir planlagt og sett i verk på område med uakseptabel risiko. Det skal gjerast greie for arbeidet med risikostyring gjennom året i Årleg melding til Helse Vest RHF.

Konklusjon

Styret i Helse Vest sluttar seg til dei fire felles risikostyringsmåla med delmål for føretaksgruppa for 2018.

Styret i Helse Vest sluttar seg til at Sjukehusapoteka Vest HF skal gjere ei risikovurdering knytt til at medisinlager ikkje går tom for nødvendige medisinar .